

Lærebedrifter/opplæringskontor

Dato	23.10.2023
Vår referanse	2023/80610-1
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Zwanette Koers
E-post	zwanette.koers@vlfk.no
Telefon	57 63 81 55

Orientering om lærlingtilskot for 2. halvår 2023

Lærlingtilskotet for 2. halvår i år vil bli utbetalt den **31.12.2023**. Utbetalinga går til bankkontonummeret som er registrert i Vigo på lærebedrifta/opplæringskontoret.

NB:

Fristen for å melde inn endringar er 03.11.2023. Datoen er ein måned tidlegare enn vanleg på grunn av nedstenging VIGO i forbindelse med oppsplitting av fylkeskommunar.

VIGO detaljrapport

Rapporten skal de hente ut på lenka <https://www.vigobedrift.no/vigobedrift/servlet/main?cmd=Index> som krev innlogging med ID-porten/MinID. Lærebedrifter og opplæringskontor som manglar tilgang til Vigo-bedrift bør ta kontakt med Vestland fylkeskommune ved seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering på e-post fagopplaring@vlfk.no eller telefon 51 20 71 16.

Brukarretteleinga finn de i lenka under. På side 41-43 er der ei komplett rettleiing om tilskotet og korleis ein går fram for å ta ut detaljrapporten.

https://www.vigoiks.no/wp-content/uploads/2022/11/Brukerveiledning_VIGO-Bedrift-for-bedrifter-og-opplaeringskontor-2019-1.pdf

I rapporten kjem det fram kva lærlingtilskot dykkar bedrift får utbetalt for dykkar lærlingar for 2. halvår 2023. Tilskotet vil bli utbetalt på grunnlag av godkjende lærekontraktar per 15.11.2023, og vert overført til det bankkontonummer som er registrert i rapporten.

Det er inga endring i satsane for tilskot i år.

I Vigo bedrift kan ein elles gjere enkelte endringar knytt til bedrift, til dømes endre kontaktopplysningar. Endrar de fagleg leiar kan det søkjast om godkjenning av denne via Vigo bedrift.

Lærekontraktar under behandling bør handsamast fortløpande. Sjekk at opplysningane stemmer, legg inn dato for inngått arbeidsavtale, og trykk «send inn».

Eigenandel i teoriundervisninga

Trekk for gjennomført teoriundervisning for dei bedriftene som har avtale om kjøp av teoriundervisning haust 2023. Trekkatsane vert regulert i takt med utviklinga i lærlingtilskotet. Det er inga endring i satsane for kjøp av teori i år.

Tilbakemeldingsskjema

Dersom det er (har vore) gjort endringar i læretilhøva som til dømes heving av lærekontrakt, permittering, sjukemelding, permisjon, militærtjeneste eller liknande, ber vi om å bli varsla om dette. Lærebedriftene pliktar å varsle seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering om endringar i læreforholda så snart dei er kjende med tilhøva.

I fall det er endringar ber vi om at de nyttar tilbakemeldingsskjema. Det er to digitale skjema.

1. Skjema gjeld endringar i bedrifta. Endringar kan til dømes vere ny kontaktperson, e-post, telefonnummer og bankkontonummer. Sjå lenke: https://skjema.vlfk.no/opplaering/organisasjon/tilbakemelding_larlingstilskudd_larebedrift
2. Skjema gjeld endringar for lærlingen. Endringar kan til dømes vere permittering, fødselspermisjon, militærtjeneste, sjukmelding, eventuelt at lærlingen har slutta i bedrifta. Sjå lenke: https://skjema.vlfk.no/opplaering/person/tilbakemelding_larlingstilskudd_larling

Fristen for å melde inn endringar er **03.11.2023**. Datoen er ein måned tidlegare enn vanleg på grunn av nedstenging VIGO i forbindelse med oppsplitting av fylkeskommunar. Det er ikkje nødvendig å sende inn skjemaet dersom detaljrapporten er korrekt. **Endringar etter fristen 03.11.2023 blir korrigert med neste køyring ved 1. halvår 2024.**

Detaljrapporten vil de kunne hente ut sjølve på Vigo bedrift. Rapporten vil bli oppdatert i VIGO den 15. november 2023. De vil då også sjå trekket som blir gjort for gjennomført teoriundervisning om de har avtale om kjøp av teori haust 2023.

Dersom de har spørsmål kan de ta kontakt med Zwanette Koers på tlf. 57 63 81 55 eller sende e-post til: zwanette.koers@vlfk.no.

Med helsing

Bekka Skaasheim
ass. avdelingsdirektør

Zwanette Koers
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift